



Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane

Prosjektplan for sjette periode, 2008-2010

(11.01.2008)

1. MÅL OG RAMMER

1.1. Bakgrunn

Bygdeutvikling er ein del av den nasjonale landbrukspolitikken og den generelle regional- og distriktpolitikken. Regjeringa vil styrke regionalpolitikken for å sikre busetnad, verdiskaping og levande lokalsamfunn over heile landet. Dette dreier seg ikkje berre om næringsutvikling, men også om å skape attraktive lokalsamfunn med gode tenester og velferdstilbod. Regjeringa vil rette spesiell merksemd mot utkantkommunar og småsamfunn, og eit kompetansesenter for småsamfunn skal plasserast i Sogndal, Steinkjer og Alstadhaug. Det er nær samanheng mellom distriktpolitikk og landbrukspolitikk, og samspelet mellom landbruket, andre bygdenæringar og det gode lokalsamfunn er avgjerande for busetnaden i mange bygder.

I både fylkesplanen 2005 – 2008 og fylkesdelplan for landbruk, er det klare målsetjingar om å *halde oppe folketalet, livskraftige bygder i heile fylket, og bygda som ein god plass å bu*. Dette skal skje gjennom satsing på både næringsutvikling og for å kunne bu og leve. Folketalet i Sogn og Fjordane er nokolunde stabilt, men det skjer ei sentralisering innan fylket med folkeauke i nokre regionsentra og kommunesenter, og tilsvarande nedgang i utkantkommunar og utkantbygder.

Sidan 1992 har fylkesmannen i samarbeid med fylkeskommunen hatt ansvar for dette Bygdeutviklingsprogrammet og til saman 30 bygder har eller er med, sjå vedlegg 1. Målsetjinga har vore å utvikle livskraftige lokalsamfunn gjennom lokal mobilisering og samarbeid mellom private personar, utviklingslag, kommunane og fylket. Programmet har vore vurdert ved fleire høve:

- Høgskulen i Volda og Møreforsking, 1995, v/ Petter Løvik: "*Når bygda får bestemme*". Dette var etter første runde med fem bygder og den positive evalueringa la på mange vis grunnlaget for det vidare arbeidet.
- Høgskulen i Sogn og Fjordane, 2002 v/ Øyvind Glosvik: "*Levande bygdeutvikling*". BU-programmet fekk positiv evaluering og vi fekk råd om å byggje vidare på dette og la det gå inn som ein del av fylkeskommunen sitt regionale utviklingsprogram.
- Høgskulen i Volda, 2006, masteroppgåve v/ Merete Hoddevik: Peikte på at vi må ta betre vare på organisasjonsstrukturen og aktiviteten i perioden etter deltaking i BU-programmet i tre år. Vi bør også legge meir vekt på barn og unge si rolle.
- Bygdeanalysen i Sogn og Fjordane, 2005, v/ Fylkesmannen: Det skjer ei indre sentralisering i fylket. Folketalet i BU-bygdene har også gått ned, men mindre nedgang enn bygder det er naturleg å samanlikne med.

Vi finn ikkje grunn til ei omfattande evaluering før neste treårs periode, men heller ei justering etter drøfting med samarbeidspartnarane i programmet.

1.2. Prosjektmål

Hovudmålet er å utvikle livskraftige lokalsamfunn, der både kvinner og menn har like moglegheiter, og der ungdom finn ei utfordrande og attraktiv framtid.

Delmål er: 1) Oppretthalde og utvikle desentraliserte samfunnsfunksjonar og velferdstilbod
2) Stimulere evna til entreprenørskap og etablering av lokale arbeidsplassar
3) At bygda etter prosjektperioden har etablert ein varig utviklingsorganisasjon basert på samarbeid, nettverk og vilje til læring

1.3. Målgrupper

Målgrupper for *Bygdeutviklingsprogrammet* er:

- 1) Bygdefolk som vil ta eit tak for bygdeutvikling
- 2) Frivillige organisasjonar som representerer lokalsamfunnet
- 3) Kommunane

Til punkt 1 er det svært viktig å involvere ungdomen, både i planlegginga og i det lokale styret.

1.4. Prosjekteigar og finansiering

Fylkesmannen ved landbruksavdelinga (FMLA) er prosjekteigar, administrerer BU-programmet og finansierer sin del med bygdeutviklingsmidlane. Fylkeskommunen deltek både fagleg og økonomisk. I fylkesplanen 2005 – 2008 er BU-programmet ein del av satsingsområde *Småskala næringar og lokalsamfunn – bruk og vern* som blir følgt opp gjennom mellom anna *Program Opplevingsnæringar* og direkte støtte frå Hovudutval for Plan og næring.

Kommunane er den tredje offentlege pilaren i BU-programmet, både ved ei viss økonomisk støtte til bygdene og ikkje minst gjennom fagleg støtte og medspelar i det lokale utviklingsarbeidet i bygda. Vi viser til budsjett i kap 6.

2. INNHOLD OG STRATEGIAR

Bygdeutviklingsprogrammet er eit løpande tiltak for områderetta bygdeutviklingsarbeid. Første fase vart gjennomført i tidsrommet 1993-1995. Fase 2 har gått frå 1996 til 1999, tredje fase frå 1999 – 2002, fjerde fase gjekk frå 2002-2005, og femte fase frå 2005 - 2008. Sjå vedlegg 1. Det er opptak av 2 nye bygder kvart år medan 2 andre går ut. Kvart bygdeprosjekt deltek i 3 år, slik at det til kvar tid er 6 aktive bygder med i programmet. Etter kvar fase skal programmet evaluerast.

Programmet rettar seg mot heile fylket utan særskild prioritering av nokon region eller område. Konkrete aktivitetar og tiltak i prosjektperioden blir lagt til dei bygdene som blir opptatt i programmet etter søknadsrunde kvart år.

Programmet skal fremje omstilling i bygdene gjennom kompetanseutvikling, samarbeid, erfaringsutveksling med andre lokalsamfunn, og gjennom informasjon om andre utviklingstiltak. Dette gjeld nasjonale satsingar som t.d. *Merkur og Verdiskapingsprogrammet for mat*, andre fylkesplanprogram med ulike programområde, men også og regionale og lokale strategiar og satsingar innan til dømes: entreprenørskap i skule og lokalsamfunn, økologisk landbruk, kulturlandskap, reiseliv, friluftsliv, grøn omsorg, etableringssstipend m.m.

Bygdene vil også få innføring i fylkesplanen med tilhøyrande gode tiltak i handlingsprogrammet. Til dømes gjeld dette arbeidet med tettstadutvikling og identitetsbygging gjennom lokale stadanalysar og nærmiljøtiltak.

Sentralisering med tilsvarende nedgang i folketal i rurale strok er ikkje spesielt for vårt fylke, det same skjer både nasjonalt og internasjonalt. Vi kan derfor hente både lærdom og inspirasjon gjennom kontakt med andre deler av landet og lokalsamfunn i andre land. Vi har tidlegare hatt erfaringsutveksling med bygder i mellom anna Skottland, Sverige og Mellomeuropa, og noko likande bør vi legge opp til også i komande periode. Fylkeskommunen har dei to siste åra hatt samarbeid med Highland Council og Shetland Council på utvikling av lokalsamfunn, og dersom dette blir ført vidare er det naturleg å forankre vår del i BU-programmet.

3. ORGANISERING

3.1. Ansvarsforhold

Bygdeutviklingsprogrammet er eit samarbeidsprosjekt mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, fylkemannens landbruksavdeling (FMLA), Sogn og Fjordane bondelag, Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag, Høgskulen i Sogn og Fjordane og deltakande kommunar. Bygdeutviklingsprogrammet er forankra i handlingsprogrammet i fylkesplanen som eige prosjekt. FMLA er prosjektansvarleg og aktiv iverksetjar av prosjektet gjennom *prosjektleiaren*.

Prosjektansvarleg: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga

Prosjektleiar: Tilsett ved Fylkesmannen

Prosjektstyre: Dette har 6 medlemmer med følgjande fordeling:

- ein frå fylkesmannen (FMLA)	- ein frå prosjektbygdene
- ein frå fylkeskommunen	- to frå fagлага i landbruket
- ein frå kommunane	- ein frå Høgskulen i S & Fj

Prosjektstyrets viktigaste oppgåver er å utforme og gjennomføre dei tiltaka som inngår i programmet. Vidare å velje ut deltakande bygder og syte for oppfølging og rettleiing under vegg. Prosjektstyret skal og gå gjennom rapportar frå dei enkelte prosjektbygdene og korrigere eller justere programmet dersom dette er nødvendig. Prosjektstyret bør ha kontakt til kommuneleiinga, og syte for politisk forankring av det lokale prosjektet.

Prosjektleiaren sine arbeidsoppgåver er å vera prosessleiar og tilby dei lokale prosjektbygdene hjelp i (bygdemobiliserings)prosessen, men utan å styre innhaldet. Prosjektleiaren er hovudkontakt for styra i deltakande bygder, men andre kontaktpersonar kan utpeikast i tillegg. Andre viktige oppgåver er ansvar for framdrift i programmet i samsvar med årsplanen, med organisering av samlingar (Bygdeforum), kurs, studieturar o.l.

3.2. Lokale prosjektstyre

Dei utvalde bygdene skal ha eit lokalt prosjektstyre på 4-5 medlemmer samansett av representantar frå bygdelaga og ein medlem frå kommunen. Det skal vere både ungdom, kvinner og menn i styret.

Dei lokale prosjektstyra har ansvar for å organisere arbeidet og utpeike ein prosjektsekretær. Vidare å vera drivkraft i mobiliseringa, med kontroll av framdrift i dei lokale prosjekta. Det

har og ansvar for prioritering, utvelging og gjennomføring av aktuelle tiltak. Dei lokale prosjektstyra skal rapportere til prosjektstyret (på fylkesnivå) i samsvar med rapporteringsrutinene i programmet. Kontakt og informasjon til kommuneleinga er i denne samanheng viktig.

3.3. Ansvar og roller for deltakande partnerar

Sogn og Fjordane Fylkeskommune (FK) skal i samband med samlingar og overfor deltakande bygder, formidle modellar og gi råd om bruk av plan- og bygningslova som verkty i utvikling av lokalsamfunna. FK har vidare ansvar for samordning og oppfølging i forhold til andre fylkesplanprogram, og medansvar for finansiering av programmet.

Fagлага i landbruket (her representert ved Sogn og Fjordane Bondelag og Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag) skal overfor sine medlemmer i deltakande bygder syte for informasjon om programmet, og vera pådrivar i det lokale mobiliseringsarbeidet. Ellers kopling til og samordning med eigne utviklingsopplegg, studiegrupper o.l.

Kommunane som deltek i programmet har ansvar for kontakt mellom dei deltakande bygdene og kommunen, og skal ha ein medlem i det lokale prosjektstyret for bygda. Kommunen er medansvarleg for finansiering ved eit årleg tilskot på minst 20 000 kr til deltakande bygd.

Høgskulen i Sogn og Fjordne (HSF) deltek i programmet for å bidrag med sin faglege kompetanse frå forskning og undervisning innan bygde- og lokalsamfunnsutvikling. HSF stod for den siste evalueringa av programmet, har ansvar for andre prosjekt innan regional utvikling, og har elles lang erfaring på dette fagområdet.

4. OPPLÈGG OG GJENNOMFØRING

4.1. Hovudinndeling av programmet

Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane er ei bevist satsing på lokal mobilisering som strategi for å fremje nærmiljøutvikling, nyskaping og næringsutvikling i bygdene. Erfaringane frå dei tidlegare fasane i Bygdeutviklingsprogrammet har vist at programmet har vore vellykka når det gjeld å motivere bygdefolk til innsats for utviklingstiltak i eiga bygd.

4.2. Søknad og opptak av nye bygder

Opptak av nye bygder blir gjort etter ei open søknadsrunde med utlysing gjennom media, kommunane og aktuelle organisasjonar. Dei enkelte bygdeprosjekt skal ha samarbeid med kommunen og arbeidet skal helst vere forankra i målsetjingar i kommuneplanen. Det er viktig med organisert samarbeid mellom ulike aktørar i det lokale hjelpeapparatet.

Krav og innhald i søknaden:

- Kva føresetnader bygda har for å starte eit bygdeutviklingsprosjekt?
- Kva er formålet med prosjektet, og resultat ein ønskjer å oppnå etter tre år?
- Tankar om korleis resultatata av prosjektet og bygdeutviklingsarbeidet skal vidareførast etter prosjektperioden
- Samarbeid med kommunen og forhold til kommunale planar og tiltak
- Prosjektstyre med namn på deltakarane (NB! Alders - og kjønnsbalanse)
- Arbeidsplan/framdriftsplan - mest detaljert for det første året

- Budsjett - helst for heile prosjektperioden, med inkludering av eigeninnsats og kommunale tilskot

Det er svært viktig at søkjarane har gjort seg mange tankar om kva type tiltak dei vil gjennomføre, og at det er oppslutning om søknaden frå flest mogeleg i bygda. Det vil vere ein stor fordel om det til dømes er gjennomført ein idedugnad i forkant av søknaden med både gode idear og innsatsvillige deltakarar. Her kan bygdene med fordel få inspirasjon og hjelp frå bygdelag/personar som har delteke tidlegare.

I fjerde fasa av bygdeutviklingsprogrammet, opna vi for at bygder som har delteke tidlegare kunne delta på nytt. Vi fekk fleire søknadar frå dei som deltok tidleg på 1990-talet, men i valet mellom tidlegare deltakarar og nye gode søkjarar, prioriterte vi dei siste. Vi vil likevel halde ope for at tidlegare deltakarar kan kome med på nytt, men då bør det ha gått ei viss tid og søknaden bør innehalde nye tiltak og idear enn tidlegare søknad. Ein søknad om å delta på nytt, må også innehalde opplysningar om:

- Erfaringar frå første periode
- Utviklinga i bygda i åra etter dei deltok
- Kva vil ein oppnå vidare med å delta på nytt ?

4.3. Tilbod og krav til deltakarane

Bygdeutviklingsprogrammet er eit tilbod til bygder og kommunar om hjelp og rådgeving for målretta bygdeutvikling. Deltakarane vil gjennom programmet bli kjent med ulike metodar for lokal mobilisering og entreprenørskap, og få kjennskap til kva som finst av offentleg tilbod som kan støtte opp under utviklingsarbeidet.

Det er viktig å kople verkemiddelapparatet til dei nye bygdene på eit tidleg tidspunkt. For å avklare om det er muleg å få midlar til aktuelle prosjekt som bygda har planlagt, og dermed få klåre tilbakemeldingar om dette er aktuelle satsingsområde, eller prosjekt som bør nedprioriterast.

Gjennom denne metodikken siktar Bygdeutviklingsprogrammet mot ei systematisk og vedvarande mobilisering av lokal utviklingskraft, mellom anna ved å stimulere til at bygdeutvikling blir ein del av den lokale næringspolitikken.

Metodikken og arbeidsforma baserer seg på at det ikkje skal nyttast heiltidstilsett prosjektleiar i gjennomføringa. Bakgrunnen for dette er å sikre at arbeidet ikkje fell saman når vedkommande sluttar etter prosjektperioden. Vi krev derfor at deltakarane i løpet av prosjektperioden skisserer korleis bygdeutviklingsarbeidet skal halde fram etter prosjektperioden, både organsisasjonsmessig og ansvarsforholda.

Tilbod til bygda og kommunen:

- Innføring i diverse metodar for lokal mobilisering og entreprenørskap
- Fagleg oppfølging frå FMLA, og årleg besøk av prosjektleiaren ved FMLA.
- *Bygdeforum* – 1- 2 samlingar pr år for alle bygder i BU-programmet. Dette er ein arena for nettverksbygging, og erfaringsutveksling mellom prosjektstyra og programstyret
- *Bygdesamling* – eit ope arrangement for alle registrerte bygdeutviklingslag og andre interesserte i fylket
- Eit økonomisk tilskot til prosjektstyret på kr 60 000 årleg over 3 år. Pengane skal prioriterast og disponerast lokalt i nært samarbeid med kommunen. Det lokale prosjektstyret disponerer desse pengane til gjennomføring av eigne planar og tiltak.

Krav til kommunen:

Det er svært viktig at kommunen deltar aktivt i bygdeutviklingsarbeidet, og kommunen (formannskapet) må i vedtaks form forplikte seg i høve til intensjonane i programmet. Dette inneber mellom anna:

- Kommunen må løyve minimum kr 20 000 årleg i tre år til den lokale potten.
- Kommunen må avsette tid og ressursar til å følgje opp det lokale prosjektet
- Kommunale sektorar må forplikte seg til å delta i aktuelt tverrsektorielt arbeid i høve prosjektbygda
- Kommunen bør skissere korleis ein tenkjer seg vidareføring av erfaringar frå det aktuelle bygdeutviklingstiltaket

4.4. Bygdeforum og Bygdesamling

Alle nye bygder får eit *Innførings- og oppstartskurs* første året. Etter opptak i programmet vil bygdene få tilbod om hjelp for å kome i gang, ved prosjektleiar eller andre eksterne ressurspersonar som har erfaring frå slikt mobiliseringsarbeid.

Bygdeforum er ei årleg faglege samlingar mellom alle lokale prosjektstyre og styret for BU-programmet, og eit forum der folk kan utveksle erfaringar og idear. Faglege tema på desse samlingane er problemstillingar frå bygdene, arbeidet i dei lokale prosjektstyra, og kompetanseoppbygging. Bygdeforum blir så langt det er praktisk mogleg lagt til ei av dei deltakande bygdene.

I tillegg får bygdene delta på ei årleg *Bygdesamling* som etter planen skal vere ope for alle bygdeutviklingslag i fylket, og vert arrangert i samarbeid mellom eit/fleire bygdelag og FMLA. Plasseringa av desse samlingane vil rullere mellom Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

4.5. Tidsplan - årsplanar

Årssyklusen i Bygdeutviklingsprogrammet startar om våren og har følgjande milepælar:

Mars-april: Utlysing av opptak av nye bygder, med søknadsfrist ca. 1. april.
Mai-juni: Bygdeforum (for bygdene i BU-programmet)
Juni: Utvelging og opptak av nye bygder
September: Innførings- og oppstartkurs for nye bygder
Aug-Sept-: Bygdesamling (for alle bygdeutviklingslag i fylket)
Desember: Årsrapport frå bygdene til programstyret

4.6. Nettverk - informasjon

Gjennom *Bygdeforum*, *Bygdesamling*, og kurs og andre samlingar som blir lagt til ulike bygder, siktar *Bygdeutviklingsprogrammet* mot å bygge eit tett nettverk mellom bygdene med open utveksling av erfaringar og informasjon. Det er viktig å styrke dette nettverket ved fleire samlingar, der ein kan utveksle erfaringar. Ein del bygder kan gjerne fungere som "fyrtårn" både i eige fylke og på landsplan og dette bør dei andre bygdene også dra nytte av.

Kvar bygd som deltek i BU-programmet bør utvikle si eiga heimeside på internett, der siktemålet er å skape ein informasjons- og møteplass for folk i bygda og for andre som ynskjer å vite kva som skjer i prosjektet. På fylkesnivå finst det ein nettstad med lenker til alle bygder med eigne heimesider. Aktiv bruk av e-post vil etter kvart inngå i informasjonsflyten til og mellom bygdeutviklingslaga.

5. RAPPORTERING OG EVALUERING

5.1. Årsrapportar

Kvart prosjekt skal utarbeide årsrapport som inngår i samla årsmelding for heile programmet. Bygdene skal sjølve definere sine lokale målsettingar for prosjekta, og årsrapporten skal samle og dokumentere erfaringar som er gjort og resultat som er oppnådd i prosjektet.

Rapporten bør innehalde følgjande punkt:

- 1) *Samandrag* - kort samandrag av arbeidet gjennom året
- 2) *Gjennomføring* - omtale av korleis hovudaktivitetane er utført i høve til planen
- 3) *Måloppnåing* - kva var måla og korleis er dei nådde
- 4) *Ressursdisponering* - enkelt rekneskap med kostnader og finansiering
- 5) *Viktige erfaringar* - gjerne med tilrådingar til programstyret og dei andre bygdene

Til det siste punktet: Utviklingslaget bør bruke denne rapporteringa til ei intern oppsummering på kva dei har gjort og lært i året som gjekk.

5.2. Evaluering

Bu-programmet skal evaluerast etter kvar treårs periode, dvs i løpet av 2010.

Mange faktorar innverkar på utviklinga i eit bygdesamfunn, men i deltakande bygder er vi på noko sikt ute etter å kunne måle:

- Tilrettelagde fellestiltak
- Auke eller stabilisering av folketal
- Positiv utvikling i kjønns- og aldersfordeling
- Nyetablerte arbeidsplassar
- Organisering av bygdeutviklingsarbeidet

6. KOSTNADER - FINANSIERING